

# SAMAN forandrar VI VERDA

AvtaleGiro

Kontonr: 8220 02 85057

EG VIL BLI FAST GIVAR TIL NMS  
via Avtalegiro

Eg ønskjer å gi kroner (per månad):

300,-    500,-    1000,-    Anna beløp \_\_\_\_\_

Eg ønskjer at gåva skal godskrivast denne kyrkjelyden:

Belast mitt kontonummer:

\_\_\_\_\_

Personnummer: (Fyll ut om du ønskjer skattefrådrag)

\_\_\_\_\_

KID-nummer: (Vert fylt ut av NMS)

\_\_\_\_\_

NAVN: \_\_\_\_\_

ADRESSE: \_\_\_\_\_

POSTNR: \_\_\_\_\_ POSTSTAD: \_\_\_\_\_

E-POST: \_\_\_\_\_

MOBIL: \_\_\_\_\_

STAD/DATO: \_\_\_\_\_

UNDERSKRIFT: \_\_\_\_\_

SEND KUPONGEN TIL:  
NMS, POSTBOKS 226 SENTRUM, 4001 STAVANGER


For ENKELTGÅVER kan du bruke konto 8220 02 85057.  
Merk gåva med ETIOPIA.



Hjarteleg  
TAKK   
[nms.no/gi](http://nms.no/gi)

VÅR KYRKJELYD HAR MISJONSAVTALE I

# ETIOPIA



DELER TRUA  
PÅ JESUS



UTRYDDAR  
FATTIGDOM



KJEMPAR  
MOT URETT

# Kva er vi med på i Etiopia?

Ei hovudoppgåve er å støtte og løfte opp marginaliserte grupper i samfunnet. Vi er med på å gje menneske tilgang til utdanning og moglegheit til å lese og høre tekstane frå Bibelen på eige morsmål. Dette styrker den einskilde sitt sjølvbilete og skapar positiv kristen identitet. I tillegg er aktivitetar som styrker kvinner sin posisjon i kyrkje og samfunn ein viktig del av arbeidet. Vi jobbar også for eit meir berekraftig jordbruk og betre mattryggleik. Hovudsamarbeidspartnaren vår er Den etiopiske evangeliske kyrkje Mekane Yesus (EECMY).

## FOKUS PÅ KVINNER OG UNGE I KYRKJE OG SAMFUNN

Samfunnet i Etiopia er i stor grad patriarkalsk. Vi bidreg til å fremje likestilling og auke kvinner si deltaking i kyrkje og samfunn. Vi er med på å kjempe mot kjønnslemlesting, barneekteskap og vald mot kvinner. Det blir gitt opplæring som gir moglegheit til inntekt og juridisk bistand og stipend til blant anna disipeltrening og teologisk utdanning.

## BIBELOVERSETTING TIL MINORITETSSPRÅK

Det blir arbeidd med omsetjing av Det gamle testamentet til gumuz. Dessutan vert delar av Bibelen omsett til og

synleggjort på andre minoritetsspråk, både skriftleg og munnleg. Prestar og andre får trening i å lese og bruke tekstar på minoritetsspråka i forkynning og gudstenester. Bibelen på eige morsmål gir både betre forståing og auka verdigkeit.

## STØTTE OG LØFTE MARGINALISERTE FOLKEGRUPPER

Gumuz-, mao- og komo-folka har i fleire hundre år vorte diskriminerte og fordrivne. Vi støttar arbeidet med å bygge positiv identitet gjennom språk-, kultur- og ungdomsarbeid. Bruk av morsmål i undervisninga, samt utvikling av skulemateriell og vidareutdanning av lærarar, betrar læringsresultat og utviklar sjølvtillit blant marginaliserte folkegrupper. Vi bidrar til utvikling og bruk av songar, munnleg forteljing og bønetekstar på morsmålet og til bruk av kulturelt tilpassa musikk i kristen samanheng.

## KLIMASMART OG BEREKRAFTIG LANDBRUK

Vi bidrar til berekraftig jordbruk som kan stå mot klimaendringane. Det vert fokusert på auka bruk av stadeigne plantar som toler tørke og er eigna for skogvern. Å ta vare på miljø og livsgrunnlag bidrar også til fredeleg sameksistens i hardt pressa område.

## Oppfylging frå NMS

**NETTSIDE:** Kyrkjelyden har si eiga side på nms.no: [nms.no/finndinmenighet](http://nms.no/finndinmenighet)  
Her er historier og informasjon frå Etiopia, oversikt over kor mykje kyrkjelyden har gitt dette året m.m.

**NYHENDEBREV:** Ny informasjon kjem på e-post tre gonger i året.

**BESØK:** Ønskjer kyrkjelyden besøk frå NMS? Ta kontakt!

## Kontaktinformasjon

**E-POST:** menighet@nms.no - Telefon: 51 51 61 00 (NMS' infosenter)

**POSTADRESSE:** NMS, Boks 226 Sentrum, 4001 Stavanger



## FAKTA OM ETIOPIA

**Innbyggjartal:** ca. 130 mill. Meir enn 80 ulike språk/folkegrupper.  
**Religion:** Etiopisk ortodokse 43,8 %, muslimar 31,3 %, protestantar 22,8 %, resten er tradisjonelle/andre religionar.

**Levekår:** Stagnerande økonomisk vekst på grunn av politiske spenningar og uro. Høg inflasjon, forverra levekår for folk flest.

**Næringsvegar:** Jordbruk. Kaffi er største eksportvare  
**Styresett:** Forbundsrepublikk med 11 delstatar og 2 byregionar, inndelt etter etniske og språklege skiljelinjer.

KJELDE: [WWW.FN.NO](http://WWW.FN.NO)



FOTO: MARIT MJØLSNESET, OLE HENRIK KALVINKES